



Helse- og omsorgsdep.

Pb 8011, Dep.
0030 OSLO

Høyringsuttale frå Seljord kommune:

Gjeld forslag til sterkare rettighetsfesting av ordninga med brukarstyrt personlig assistanse (BPA)

Dersom brukarar med bistandsbehov på over 20 t/v får lovfesta rett til BPA, vil dette få store konsekvensar for omsorgstenesta i kommunen. Dersom BPA ordninga blir utvida til nye brukargrupper, vil kommunen sin moglegheit til å vurdere ressursutnytting og kvalitet av omsorgstenesta bli vesentleg redusert. BPA er ein ressurskrevjande organisasjonsform som inneber *ein til ein* bemanning i alle situasjonar utan moglegheit til sambruk av ressursar og effektivisering av tenesta. Dette bør takast omsyn til i ei tid der det er varsla stor mangel på arbeidskraft, også innan omsorgssektoren.

Sterkare rettighetsfesting til BPA, vil omfatte brukarar uavhengig av alder og funksjonsnivå, med definert bistandsbehov over 20 t/ v. Dette vil omfatte brukarar som i dag mottek tenester frå personar med høg kompetanse. Kommunen meiner at personar med kognitiv svikt vil ha eit betre tilbod i tilrettelagte bustader med fagkompetanse enn den dei vil få med ein utvida rett til BPA. "Konsekvensen kan bli at disse brukerene får et dårligere hjelpetilbud, mister funksjonelle ferdigheter eller passiviseres i brukerstyringens og valgfrihetenes navn" ("Brukerstyrt personlig assistanse. Kunnskap og praksis", Gyldendal 2006). Undersøking syner at familie og venner er sterkt overrepresentert blant BPA, dette kan føre til "forbruk" av eit eksisterande sosialt nettverk, som går over til å bli "betalte venner".

Kommunen meiner at departementet i denne saka legg for stor vekt på verdien av personleg kjemi, og for lita vekt på formell kompetanse og interne opplæring som vert gjeven i oppbygginga av tillit og respekt på profesjonelt grunnlaget.

Høyringsnotatet gjev brukar rett til å velje/ godkjenne sin assistent, medan kommunen skal ha ansvar jamfør Arbeidsmiljølova, dette vil setje kommunen i ei paradoksal rolle, t.d. når det gjeld vern mot oppseiing.

Utvida rett til BPA vil medføre stor grad av privatisering av omsorgstenesta, dette er eit omstridt politisk tema, som bør avgjerast lokalt.

Framlegg til finansieringsordning av BPA gjennom den ordinære tilskotsordninga for ressurskrevjande brukarar kan ikkje akseptast. Den ordninga som er forslått vil få store

negative konsekvensar for kommunen sin økonomi, og kommunen vil bli fråteken moglegheita til å disponere sine ressursar på ein heilskapleg og hensiktsmessig måte.

Departementet grunngjev sine anbefalingar ut i frå eit overordna ynskje om å utvikle tenestene. Kommunen meiner at departementet har andre og meir hensiktsmessige virkemiddel for å utvikle omsorgstenesta i kommunen. Auka ressursar og dermed føresetnader for å kunne konkurrere i ein stram arbeidsmarknad, vil gjera kommunen i stand til i større grad enn nå, å kunne sikre brukarmedverknad, fleksibilitet og individuell tilrettelegging.

Med helsing


Kari Gro Espeland
Kommunalsjef


John Kleivstaul
ordfører

Kopi til: